



TIME KOMMUNE

Postboks 38

4349 BRYNE

Kontakt saksbehandlar

Erlend Jacobsen Høgestøl, 51 56 87 38

Fråsegn - reguleringsplan - endring - Time 19/272 - Austre del av Håbakken Norheim - utvidelse tomt Austre Håbakken 9 - planID 0147.00

Vi syner til brev datert 13.03.2026.

Bakgrunn

Kommunen føreslår at bustadtomta, Austre Håbakken 9, vert utvida fram til vegen. Det står ein hekk utanfor tomtegrensa, og forslaget er å flytte eigedomsgrensa ut til hekken. Bustadtomta vert difor utvida fram til eksisterande vegkant. Endringa vil medføre at det kommunale arealet vert privat og at det ikkje vert mogleg å opparbeide gata slik det var planlagt då bustadfeltet vart bygd.

Utvidinga av tomta er så liten at kommunen vurderer at det ikkje er behov for endring i føresegn for bustadeigedomen.

I kommuneplanen er arealet avsett til bustader. Reguleringsplan er *Austre del av Håbakken, Norheim, Bryne* med planID 0147.00 vedteke 25.05.1994.

Vår vurdering

Av omsyn til dei nasjonale og vesentleg regionale ansvarsområda som Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har vi ikkje merknader til planendringa.

Vi gjer merksam på at vi som uttaleinstans skal ha kommunen sitt vedtak om planendring når det er gjort. Vi ber om at vidare korrespondanse i saka vert merka med vår referanse.

Med helsing

Øyvind Myhren Tjøstheim (e.f.)
rådgiver

Erlend Jacobsen Høgestøl
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger